



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: Lærdal
Dato: 27.02.2023
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Møteplan for resten av året vert sett opp i møte.

Orienteringssaker:

Orientering om retningslinjer for solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde.
Framdrift i arbeidet med forvaltningsplan.

Lunsj på kafe Kort og Godt i Lærdal etter møtet, ca. 12.30.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/23	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
RS 1/23	Kopi - Årsrapport 2022 til Nærøyfjorden verneområdestyre		2021/1569
RS 2/23	Underretning om forelegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen		2021/8184
RS 3/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Elvamote - Tørva - motorferdsel - snøskuter		2023/1139
RS 4/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde, Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat - kjentmannskøyring - Aurland Røde Kors Hjelpekorps		2022/17659
ST 4/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - fjerning av to bergknauser i grøft		2021/9984
ST 5/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hylland - motorferdsel i samband med fanggjerd - Statens vegvesen		2023/736
ST 6/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre - transport av utstyr		2023/3038
ST 7/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassete - støl Dyrdal - restaurering av stølshus - 67/9		2023/1588
ST 8/23	Nærøyfjorden landskapsvernområde - rasteplassar langs Aurlands- og Nærøyfjorden		2023/1434
ST 9/23	Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2023		2022/16081

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 3/23 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 1/23 Kopi - Årsrapport 2022 til Nærøyfjorden verneområdestyre
RS 2/23 Underretning om forelegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
Langhuso - deponi ved Gudvangatunnelen
RS 3/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
Elvamote - Tørva - motorferdsel - snøskuter
RS 4/23 Dispensasjon - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde,
Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nordheimsdalen naturreservat -
kjentmannskøyring - Aurland Røde Kors Hjelpekorps



Arkivsaksnr: 2021/9984-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 25.01.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	4/23	27.02.2023

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stalheimskleiva - fjerning av to bergknausar i grøft

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til å pigge ned to små bergknausar ved sida av vegen i Minesvingen i Stalheimskleiva. Dispensasjonen er gjeven med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Pigging av dei to bergknausane skal avgrensast til det som er naudsynt for å få fall i grøfta.
- Pigging kan gjerast med maskinelt utstyr. Det skal ikkje køyrast i terrenget i samband med arbeidet.
- Under gjennomføring av tiltaket skal arbeidet overvakast av ein frå kulturminneteamet til Statens vegvesen.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til Nærøyfjorden verneområdestyre når tiltaket er utført, og innan 31.12.2023.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om dispensasjon – 165 Stalheimskleiva, Voss herad, Vestland fylkeskommune Statens vegvesens landskapsvernplan, *Statens vegvesen*, 19.12.2022

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, Nærøyfjorden, rapport nr. 1 - 2008

Statens vegvesen har arbeid med restaurering av muren i Minesvingen i Stalheimskleiva frå 2020, og arbeidet er snart fullført. Arbeidet som står att og som skal gjennomførast i 2023, er



å montera støypejernsrekkverk og legge toppdekke med asfalt. Indre og ytre sving i Minesvingen er fylt ut i samband med at vegen vart utvida til bilveg. Utfyllinga gjer at vatnet i overkant av svingen må leiast ut forbi fyllingane, og til sideterrenget slik at vatnet ikkje renn inn i vegen.

I søknaden er tiltaket skildra på fylgjande vis:

På en befarig 12.12.22 ble det vurdert to alternative løsninger for å lede vannet vekk fra muren og ut i sideterrenget.

Alt. 1. Moderat pigging av to bergknauser for å skape fall, og forlenge grøfta så vannet kan ledes ut i overkant av den rette muren (se bilde 2.).

Alt. 2. Grave frem mer av 1840-talls vegens yttersving, og lage en åpning i den rette muren. Følger man svingen til 1840-vegen treffer den ca. 10 meter inn på den rette senere anlagte muren. Omtrent der stolpen står (se bilde 1.). Muren i svingen her er forsøkt gravd frem, men det er forbundet noe usikkerhet til tilstanden til muren her, og omfanget og løsningen for å lede vannet gjennom den rette muren.

Konklusjon:

Det søkes om dispensasjon fra §15a i kulturminneloven, og forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde, Aurland, Vik og Voss kommunar, Vestland S 3.1.1a til utføre alt.1. Det vil si fjerne to bergknauser og forlenge grøften så vannet kan ledes ut i overkant av den rette muren.

Det er forbundet usikkerhet med tilstanden til den delen av 1840-talls murens yttersving som ikke er avdekket, og omfanget av inngrepet som må til for avdekke den og få ledet vannet ut gjennom den rette muren (alt.2). Endring av landskapet i et landskapsvernområde, eller omgivelsene til et fredet kulturminne er i utgangspunktet ikke ønskelig, men alt.1 er vurdert som den enkleste og mest skånsomme løsningen i dette tilfelle. Piggingen skal ikke skape et stort sår i landskapet, og kun redusere høyden på de to bergknausene som stikker opp med ca. 40 cm. Så et relativt moderat behov for pigging. Det stilles krav til at tiltaket skal overvåkes av en fra kulturminneteamet under utførelsen.




Bilde 1. Yttersvingen til 1840 muren treffer ca. ved stolpen. I alt.1 vil vannet ledes ut i en forlengelse av grøfta til høyre for steinrøysa. I alt.2 vil man måtte lage en åpning i den rette muren et sted i området ved stolpen.



Bilde 2. Bergknauser markert med gult må fjernes for å skape fall, så grøfta kan forlenges og vannet ledes ut i sideterrenget i overkant av steinrøysa på bilde 1.

Figur 1 Bilde viser muren i Minesvingen og tiltaket med bergknausane. Kopi frå søknad



Figur 2 Kartutklipp med markering av Minesvingen. Kopi frå Fylkesatlas

Lovgrunnlaget.

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.

Nærøfjorden landskapsvernområde er «..verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. verneforskrifta § 3, pkt.1.1. Området er verna mot «...oppføring av anlegg og faste innretningar, sprenging, masseuttak, utfylling, planering og lagring av masse, lausbryting og fjerning av stein og mineral...» jf. § 3 pkt. 1.1. a).



Tiltaket med å pigge av bergknaus i grøfta i Stalheimskleiva er tiltak området er verna mot. Det må vurderast om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket som eit særskilt tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ; «*Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt. Begge vilkåra må vera oppfylt for at det kan gjevast dispensasjon til tiltaket.

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Stalheimskleiva ligg i Nærøfjorden landskapsvernområde. Nærøfjorden verneområdestyre har gitt dispensasjon til istandsettinga av vegmuren i Minesvingen i Stalheimskleiva i tidlegare sak. Vegen er eit kulturminne av stor verdi, og er ein del av verneføremålet i landskapsvernområdet. Det er viktig at vegen og murane vert vedlikehalde vidare framover. Gode grøfter og styring av vatn vekk frå murane og vegbanen er eit av dei viktigaste vedlikehaldstiltaka. Forvaltar vurderer tiltaket med å fjerna deler av bergknausane som naudsynt tiltak som kan vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Det er god kunnskap om Stalheimskleiva som kulturminne. Vegen vart freda i 2009 etter kulturminnelova § 22 a. Den ca. 2 km lange Stalheimskleiva vart bygd i perioden 1842-49. Det er utført registreringar av dei tidlegare vegane i Stalheimskleiva, både kongevegen frå 1700-talet, og ein eldre ferdselsveg frå rundt 1600-talet.

Det er ikkje registrert førekomstar av sårbare artar i tiltaksområdet. Ved Sivlefossen og Stalheimsfossen er det registrert naturtypen fosserøyksone (Naturbase 24.01.2023). Tiltaket ligg i god avstand frå desse fossesprøytonene, og vil lite truleg ha negativ verknad på desse. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.

Forvaltninga har vurdert den samla belastninga tiltaket kan få på økosystemet jf. nml. § 10 i vedtaket der det vart gitt løyve til restaureringsarbeidet. For opplevinga av Stalheimskleiva er det viktig å få ferdig stilt arbeidet som er starta opp i Minesvingen. Eit viktig tiltak for å ta vare på vegen og murane er å leia vatn vekk frå vegbanen og muren. Fjerning av toppen av to bergknausar i grøfta vil vera eit lite inngrep i eit område som har mange inngrep frå før. Pigginga av bergknausane må likevel avgrensast til det som er naudsynt for å få fall i grøfta. Forvaltar vurderer at tiltaket vil gje liten negativ belastning på naturmiljøet og landskapet i Stalheimskleiva. Den samla belastninga på naturverdiane av tiltaket er vurdert som akseptabel.

Søkjjar har vurdert to alternative metodar for å leia vatnet vekk frå vegen. Begge alternativa vil gje nye inngrep i terrenget utanfor vegen. Truleg vil tiltaket med å pigge vekk noko av bergknausane gje minst inngrep i terrenget. Pigginga kan utførast med maskinelt utstyr frå vegen, og det treng ikkje køyrast i terrenget i samband med arbeidet. Tiltaket er tett på vegen og eit område med mange inngrep. Dette tiltaket vil difor gje liten endring på landskapet. Grøfta bør ikkje lagast djupare enn naudsynt for å få fall ut i sideterrenget. Det er



viktig at det vert jamleg reinsking av grøftene som del av vedlikehaldsarbeidet framover, slik at grøfta kan ta unna vatnet. Forvaltar vurderer metoden som er valt for gjennomføring av tiltaket som miljøforsvarleg jf. nml. § 12. Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

På bakgrunn av vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det er grunnlag for å gje dispensasjon frå naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å pigge ned to bergknausar i grøfta ved Minesvingen i Stalheimskleiva. Med dei vilkåra som er sett, vil tiltaket ikkje vera i strid med verneføremålet, eller føra til nemneverdig skade på verneverdiane.



Arkivsaksnr: 2023/736-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	5/23	27.02.2023

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hylland - motorferdsel i samband med fanggjerdje - Statens vegvesen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen løyve til å nytta helikopter for å sjekke fjellområdet i skredvifta på Hylland der det skal settast opp fanggjerdje. Helikopter kan i tillegg nyttast til montering av fanggjerdet. Aktivitetsområdet for helikopter er markert på kartet under saksopplysningar (figur 1). Helikoptertransporten kan nyttast i inntil 5 flygedagar i perioden frå 01.05. til 01.12.2023.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, med fylgjande vilkår:

- Helikopter skal berre nyttast i dei tilfella der det ikkje er mogleg å nytta drone for å sjekka fjellområdet for lause steinar.
- Lågtflyging med helikopter skal avgrensast til tiltaksområdet.
- Det skal sendast melding til Statens naturoppsyn (mobilnr. 97097720) dagen før transporten tek til.
- Etter arbeidet er gjennomført, skal det sendast rapport til Nærøyfjorden verneområdestyre om bruken av helikopter.

Dette løyvet er berre vurdert etter reglane i verneforskrifta. Tiltakshavar må innhenta naudsynt løyve etter anna lovverk før tiltaket vert iverksett.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad – motorferdsel i verneområde – *Statens vegvesen*, 12.01.2023

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2022
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009




Nærøfjorden verneområdestyre

- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Statens vegvesen skal montera fanggjerde i skredvifta på Hylland. Før dei kan montera fanggjerdet, vil dei nytta helikopter for å sjekka om det er lause steinar i fjellsida ovanfor fanggjerdet. Fanggjerdet vert montert 12-20 meter på oversida av E16, og nedanfor vernegrensa.

Det vert søkt om å nytta helikopter 5 dagar i tidsrommet frå 1. mai til 1. desember 2023. I tillegg til kontroll av fjellsida, kan det vera aktuelt å nytta helikopter til montering av fanggjerdet.





Figur 1 Kartet viser område der det vert aktivitet med helikopter. Kopi frå Fylkesatlas

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2.


Det er forbod mot motorferdsel på land og i vatn/vassdrag. Motorferdsel i samband med etablering av fanggjerde fell ikkje inn under dei spesielle dispensasjonsreglane, og må difor handsamast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd, fyrste alternativ;

«Forvaltingsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig». Det må vurderast om vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 er oppfylt, og om det kan gjevast dispensasjon til tiltaket

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Fanggjerdet som er planlagt å sette opp i nedste kant av skredvifta på Hylland, vert sett opp utanfor grensa til Nærøfjorden landskapsvernområdet, men innanfor Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøfjorden. I dette området er stor fare for steinsprang og steinskred. Fanggjerdet skal setjast opp for å hindre steinar å kome ned på E16. Gjerdet vert sett utanfor verneområdet, og treng difor ikkje handsamast etter verneforskrifta for landskapsvernområdet. I vurderinga om tiltaket kan iversetjast etter anna lovverk, skal omsynet til verneverdiane vektleggjast jf. naturmangfaldlova § 49. Tiltaket med fanggjerde er til handsaming i Aurland kommune.



Figur 2 Tiltaksområde med fanggjærde. Kopi tilsendt frå Aurland kommune.

Fanggjærde er eit sikringstiltak, og bruk av helikopter i samband med arbeidet er vurdert som naudsynt. Det er ikkje kjente førekomstar av sårbar artar eller naturtypar i tiltaksområdet (Naturbase 01.02.2023). I Nærøydalen er det fleire hekke- og reirplassar for kongeørn. Bruk av helikopter må difor ikkje nyttast utanom tiltaksområdet, og ved tilflyging skal lågtflyging avgrensast til tiltaksområdet. Kunnskapen om området er vurdert som god for å handsama saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jr. nml. § 9 er ikkje vektlagt i denne saka.

Lågtflyging med helikopter skal føregå i eit område med stor trafikk, og nær området med gruveaktivitet. Helikopteraktiviteten skal vera i eit avgrensa område, og det skal berre nyttast helikopter når dette er einaste alternativ for å utføra oppdraget. Den samla belastninga av denne aktiviteten er vurdert som akseptabel jf. nml § 10. Motorferdselen vil i liten grad gå ut over verneverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet.

Statens vegvesen opplyser på telefon at dei berre vil bruka helikopter dersom det er naudsynt. Dei vil bruke drone for å sjekke fjellområdet for lause steinar dersom dei får like god oversikt med drone. Det meste av fanggjærde vil kunne monterast frå vegsida, men det kan vera mogleg dei har bruk for å nytte helikopter i samband med monteringa av



fanggjerdet. Forvaltar meiner drone bør nyttast så langt det er mogleg, slik at bruken av helikopter vert avgrensa i størst mogleg grad. Avgrensa bruk av helikopter er vurdert som ein miljømessig bra metode for gjennomføring av tiltaket jf. nml. § 12. Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

Bruk av helikopter i dette avgrensa området vil ikkje dette føra til nemneverdig skade på naturverdiane. Det kan vera naudsynt å nytta helikopter for å gjennomføra sikringstiltaket. Til dette føremålet er det vurdert av motorferdslova ikkje er i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 og verneforskrifta, meiner forvaltar vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ er oppfylt. Forvaltar innstiller på løyve til bruk av helikopter i samband med sjekk av fjellområde og montering av fanggjerde ved Hylland.



Arkivsaksnr: 2023/3038-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	6/23	27.02.2023

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre - transport av utstyr

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til ein tur (tur/retur) med ein beltegåande ATV frå Tråni til stølshuset på Hjølmo for transport av utstyr. Løyvet gjeld i perioden frå 28.02 – 31.03.2023.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten gjeld berre naudsynt transport av utstyr, ved og proviant.
- Transporten skal om mogleg ikkje føregå på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal meldast dagen før til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (tlf. 970 97 720).
- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transport. Køyrebok skal førast før turen startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om transporten innan 10. april 2023 til sekretariatet for verneområdestyret.

Nærøyfjorden verneområdestyre avslår søknad om persontransport for tilsyn av stølshuset. Avslaget er gjort med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.1, og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre gjeld tilhøvet til verneforskrifta. Det må sendast eigen søknad til Aurland kommune om løyve etter lov om motorferdsel i utmark.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel på vinterføre, *Dyrdal-Fjordarv v/Arild Dyrdal*, 17.02.2023

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002



Nærøfjorden verneområdestyre

- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008

Arild Dyrdal søker om løyve til tre turar på snøføre til Hjøльмо. Ein tur i veke 9 er for tilsyn av stølshuset. To turar er for transport av utstyr i samband med utleige, og retur av utstyr og søppel. Siste aktuelle køyredag er i veke 16.

Dyrdal lurar på om forvaltar fikser dette.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernområdet.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbretforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder



for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksveggar. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om persontransport i verneområdet. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig...*». Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

I styremøte 8. februar i 2021 gav Nærøyfjorden verneområdestyre løyve til motorisert ferdsl på landbruksvegen i Dyrdal frå Tråni til Hjølmo bru, på den delen av landbruksvegen som er i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Denne søknaden gjeld transport på vinterføre på same landbruksvegen, og i tillegg køyring opp til stølshusa på Hjølmo. Transporten gjeld tilsyn av stølshusa, og transport av utstyr i samband med utleigeverksemd. Det er heimel i verneforskrifta for å gje løyve til naudsynt transport av ved, proviant og utstyr med snøskuter til stølar.

Hjølmo er stølen til Dyrdal og Styvi. Det er ikkje aktiv stølsdrift her lenger, men området vert nytta til sauebeite og rekreasjon. Dyrdal har i tillegg utleigeverksemd i stølshusa sine på Hjølmo. Dei fleste stølshusa er i god stand, og stølsområdet er bra ivareteke. Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar i området der transporten føregår (Naturbase 20.02.2023). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Økosystemtilnærming og samla belastning på verneområdet skal vurderast jf. nml. § 10. I vurderinga må det leggjast vekt på om løyve til transport i dette tilfellet kan vera aktuelt for fleire saker, og slik skapa presedens for tilsvarande saker. Vesentleg auke i motorisert ferdsl i verneområdet vil vera ei uheldig utvikling, og vil slik sett kunne vera i strid med verneføremålet. I 2021 gav verneområdestyret løyve til 3 turar på vinterføre til Hjølmo for transport av ved og persontransport av funksjonshemma. I 2022 vart det gitt løyve til ein tur på vinterføre for tilsyn av stølshuset på grunn av fare for skade på bygningen. Med denne søknaden er det ein treng med auka søknad om motorisert ferdsl til stølen Hjølmo, og det må leggjast vekt på at dette ikkje vert ein uheldig utvikling i motorisert ferdsl. Transport som gjeld naudsynt transport av materiale, utstyr, ved og proviant, er det opning for i verneforskrifta, og det er vanleg praksis at det vert gitt løyve til denne type transport. Det at stølshusa vert brukt, er positivt og viktig for at bygningane vert tatt vare på. Køyringa gjeld ein kort strekning inn i verneområdet og nær bygda. Køyretraseen er på snødekt mark på landbruksvegen, og vil ikkje føra til skade på terrenget. Den samla belastninga på området



av motorferdsle i denne delen av Nærøyfjorden landskapsvernområde vert vurdert til og vera på eit akseptabelt nivå.

Køyring på snøføre vil ikkje føra til spor i terrenget, men det må visast omsyn til dyreliv under transporten. Forvaltar vurderer beltegåande ATV på linje med snøskuter, og meiner det i dette tilfellet er ein miljøforsvarleg transportmetode til dette føremålet jf. nml. § 12. Transporten er vurdert til ikkje å føra til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Motorisert ferdsel for tilsyn av stølshus

Verneforskrifta opnar ikkje for persontransport, og det må difor vurderast om det er heimel etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til persontransporten i samband med tilsyn av stølshus. I fylgje førearbeidet til naturmangfaldlova, kan ikkje § 48 nyttast for å utvida ramma som var trekt opp i vernevedtaket. Regelen skal vera ein sikkerheitsventil for tiltak som det ikkje var mogleg å sjå føre seg på vernetidspunktet, eller spesielle tiltak som ikkje var diskutert i verneplanprosessen. Det er nasjonale føringar på at motorisert persontransport berre skal gjevast løyve til i særskilte høve. Det kan likevel vurderast dispensasjonar til transportføremål som er vanleg praksis i nyare verneforskrifter. Dersom aktiviteten ikkje går ut over verneverdiane eller verneføremålet, kan det vurderast å gjevast løyve til persontransporten.

I 2022 fekk Arild Dyrdal løyve til ein tur med beltegåande ATV på snøføre for tilsyn av stølshusa på Hjølmo. Dette vart grunngeve med at det var ekstra store snømengder dette året, og det var fare for skade på stølshuset. I saka vart det påpeika at det normalt ikkje skal nyttast motorisert ferdsel for tilsyn av hytter og stølshus, og søkjar måtte planlegge for at tilsyn med stølshusa vert utført utan motorisert køyretøy for seinare år. Ein generell opning for motorisert ferdsel for tilsyn av stølshus vil ha presedensverknad, og vil kunne føra til auka motorisert ferdsel i verneområdet. Den samla belastninga av motorisert ferdsel vil kunne vera i strid med verneføremålet, og forvaltar rår difor til at det ikkje vert gjeve løyve til motorisert ferdsel for tilsyn av stølshuset. Tilsynet kan gjennomførast i samband med transport av utstyr.

Konklusjon

Ein tur med motorisert køyretøy på snødekt mark på traseen til landbruksvegen er vurdert til ikkje å gå ut over verneføremålet. Med bakgrunn i vurderingar etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8-12, rår forvaltar til at det vert gjeve løyve til motorisert ferdsel for transport av utstyr til Hjølmo.

Forvaltar rår til avslag på søknad om motorisert persontransport for tilsyn av stølshuset. Avslaget vert gitt med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 2.1, og naturmangfaldlova § 48.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	7/23	27.02.2023

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassete - støl Dyrdal - restaurering av stølshus - 67/9

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Arild Dyrdal løyve til å setja i stand stølshuset på Vassete tilhøyrande gnr. 67, bnr. 9 – Aurland kommune. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c). Til taktekking kan det hentast torv frå nærområdet. Løyve til uttak av torv er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Det skal ikkje gjerast endringar på ytre fasade på stølshuset når det gjeld ytre mål som er 760 meter lengde og 380 meter breidde. Takvinkel, takhøgde og takutstikk skal ikkje endrast. Tilbygget kan fjernast.
- Det kan setjast opp ytterkledning på heile stølshuset. Brukbar kledning skal nyttast opp att dersom det er mogleg. Tømmerdelen av bygget skal ha liggande kledning med kanta bord utan fals, og i varierende breidde (t.d. 6", 7" og 8" bord). Det kan setjast opp ståande kledning utanpå den liggande kledningen på skotet, med same kledning som på tømmerdelen.
- Vindauga i vestenden av bygget kan bytast ut med nytt vindauga med same utforming. Det skal ikkje setjast inn fleire vindauga i bygget.
- Dersom ytterdøra i skotet må skiftast ut, skal ny dør ha same utforming som døra som er der i dag.
- Bølgjeblekkplatene på taket kan bytast ut med torvtak. Det kan setjast opp ei vindskia på kvar takende.
- Bygget skal ikkje målast utvendig, men grånast naturleg.
- Torv til torvtaket kan hentast frå utkanten av stølsområdet. Det kan ikkje hentast torv i nærleiken av gamle tufter. Området for uttak av torv skal avklarast med verneområdeforvaltar før arbeidet startar opp.
- Dersom arbeidet ikkje startar opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området straks arbeidet er slutført.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdestyret når tiltaka er gjennomført.



Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om restaurering av stølshus på Vassete, *Arild Dyrdal*, 25.01.2023
- Bilde av stølshuset

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøfjorden, 2014.

Arild Dyrdal søker om samtykke til å gjennomføra tiltak på stølshuset sitt tilhøyrande gnr. 69 bnr. 7, på stølen Vassete i Dyrdal. Dyrdal skriv at målet med restaureringsarbeidet er å leggje grunnlaget for historisk kunnskapsformidling basert på erfaringslæring. Stølsbygningen skal visualisere arbeids- og buplassen, og korleis eit stølshus var organisert med reiskap og interiør for meir enn 100 år sidan.

I søknaden er tilstand og tiltak sett opp med fylgjande punkt:


1. *Bygningskonstruksjoner, laft i svært god stand. Det samme med åser.*
2. *Bjelkelag innersel bra.*
3. *Treng nytt golv.*
4. *Vindu må byttes og ny dør inn. Dør som originalt.*
5. *Taket har noen lekasjepunkt, ikkje mykje.*
6. *Skotet fullt av rot. Golv borte, bjelkelag borte.*
7. *Ramme svill dårlig.*
8. *Etablere ildsteder i skot og innersel.*
9. *Bygget er ikkje i ferd med å ramle ned, men det haster likevel å sette det istand. Mitt forslag er å kle selet og ha god lufting. Da meiner eg heile bygget. Nedbørsmengdene aukar og skal bygget stå nokre hundre år til er det naudsynt.*
10. *Det etableres torvtak. Gammel torv ligg ved bygget. Nyttas never på synlige steder.*
11. *Alle materialer skal være tidsriktige.*

Arbeidet er planlagt utført i perioden frå 15. juni til 1 september 2023.

Dyrdal søker om løyve til å lande med helikopter for transport av materiale og utstyr, og til å nytte motorisert trillebår til transport av stein og grus frå Vassetvatnet. Etter avtale med søkjar, vert søknad om transport handsama nærare tidspunktet for oppstart av prosjektet.



Figur 1 Stølshuset til 67/9 på Vassete, med tilbygg. Fotokopi fra søknad.



Figur 2 Kart over Dyrdal med stølen Vassete. Kopi fra Fylkesatlas



Vassete



Gnr. 58,67 og 69 Vassete (Dyrdal). 10 Sefrak-registrerte bygningar.



Selet til gbnr. 67/9. 1800-talet.



Selet til gbnr. 67/3. 1800-talet.

Figur 3: Stølen Vassete og to stølshus frå 1800-talet. Kopi frå Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, Nærøfjorden

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle



inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Vanleg vedlikehald av bygningar kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggjeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggjeskikk*», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c).

Det er ikkje reglar i verneforskrifta som opnar for uttak av torv i verneområdet. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdere om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «*Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Stølen Vassete ligg i Nærøfjorden landskapsvernområdet. Dette er stølen til gardar i Dyrdal og Styvi. Det er 10 ståande bygningar på stølen og tufter med steinmurar. Stølshusa er registrerte i SEFRAK. Stølshuset til Arild Dyrdal er oppført på 1800-talet, og er eit av stølshusa som er lite endra etter det var i aktiv stølsdrift. Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er del av verneføremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde. Istandsetting av stølshus har stor verdi for å ta vare på viktige kulturmiljø. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillast i verneområde. Vanleg vedlikehald av stølshus kan gjennomførast utan søknad, men arbeidet skal ikkje føra til endringar på fasade på bygningen. Skifte av takmateriale og riving av tilbygg er tiltak som gjev endringar på fasaden, og er søknadspliktig etter verneforskrifta. Uttak av torv til torvtak vil vera eit lite inngrep i landskapet. Tradisjonelt vart torv til takteking henta frå nærområdet.

Kunnskapen om området er kjend gjennom forvaltningsplan for Nærøfjorden, restaureringsplan for området, synfaringar, og informasjon frå grunneigarar. Stølen ligg nær grensa til Fjellheimen villreinområde (Naturbase 03.02.2023). Istandsetting av stølshuset er vurdert til i liten grad å påverka villreinområdet. Utbetring av stølshuset vil kunne gje auka ferdsel til området i forhold til i dag, men vil ikkje gje ein vesentleg auke som kan vera til skade for villreinområdet så lenge det ikkje vert auka motorisert ferdsel knytt til stølsområdet. I perioden med vedlikehaldsarbeid må det påreknast noko auke i motorisert ferdsel.

Det er ikkje registrert sårbare naturtypar i nærleiken av Vassete. I restaureringsplan og forvaltningsplan er Vassete trekt fram som eit stølsområde med stor opplevingsverdi, og eit stølsområdet med stor kulturhistorisk verdi. I planen er Vassete nemnt som ei av stølsgrendene der bygningane er best ivaretekne. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i denne saka.

Den samla belastninga eit tiltak kan få på økosystemet skal vurderast ved søknad om tiltak jf. nml. § 10. På fleire av stølshusa på Vassete er det utført endringar. Stølshuset til Arild Dyrdal er eit av stølshusa som ikkje er endra etter det var i aktiv stølsdrift på 1960-talet. Stølshuset



er i dårleg stand, og det er viktig å få gjennomført restaureringstiltak for å ta vare på bygget. Sjølv om det er endringar på fleire av stølshusa, vert stølen likevel opplevd som eit intakt stølsmiljø, og forvaltar meiner det er viktig å ta vare på dei verneverdige bygningane som er ein viktig del av kulturmiljøet. Bygningane fortel ein historie om bruken av landskapet.

Det er ikkje stølsdrift på Vassete i dag, men området vert nytta til beite for sau. Grunneigar ynskjer å restaurera stølshuset slik at det får eit autentisk uttrykk frå den tida det var stølsdrift på Vassete. Han ynskjer at bygningen skal kunne formidla den historiske bruken av bygget. I tillegg skal bygget nyttast i samband med utleige og fritidsbruk. Det er av stor verdi at grunneigar vil ta vare på stølshuset.

Det er ikkje registrert trua naturtypar i området nær stølen, men det er fleire gamle tufter etter bygningar. Uttak av torv må ikkje førekoma i nærleiken av tuftene, og ikkje i myrområda. Uttak av torv vil vera eit bagatellmessig inngrep så lenge det ikkje fører til drenering av myr, og tiltaket vil i liten grad påverka landskapet. Alternativ metode for torvtak, vil vera ferdigprodusert torvtak. Det kan gje tilføring av nye artar, og gje negativ verknad på naturmiljøet. Med dei vilkåra som er sett, vil restaurering av stølshuset og tilbakeføring til torvtak som taktekking vera positivt for stølsmiljøet. Forvaltar vurderer at eit mindre uttak av torv ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Tiltaket kan difor vurderast med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Restaureringa av stølshuset vil ikkje gje endringar på fasaden på bygget, med unntak av tilbygget som vert fjerna. Gamle bilde av stølshuset viser at dette tilbygget ikkje var der frå starten. Dyrdal meiner han ikkje har trong for lagerplassen som dette tilbygget vart sett opp for. Forvaltar meiner tilbygget kan rivast slik at bygget får tilbake sitt opphavlege uttrykk.



Figur 4 Bilde frå Vassete, frå tida med stølsdrift. Foto frå Arild Dyrdal



Det skal setjast opp ytterkledning på heile bygget for å hindre skade på tømmerveggane og veggane i skotet. Bygningsrådgjevar hjå fylkeskommunen i Vestland har uttalt at klimaendringar med auka nedbør har ført til auka bruk for ytterkledning på tømmerveggane. Den liggande ytterkledningen på skotet bør takast vare på. Materiale som er i brukbar stand bør nyttast opp att. Berre skada materiale bør skiftast ut. Det kan setjast ståande kledning utanpå den liggande kledningen. Ytterdør og vindauge bør nyttast opp att dersom det er mogleg, eller skiftast ut med dør og vindauge med same utforming som den som er der i dag.

Utbetring av taket må gjennomførast slik at takhøgde, takvinkel og takutstikk ikkje vert endra. I dag er det bølgeblekkplater på taket, men det kan endrast taktekking til torvtak, slik det var opphavleg på dette stølshuset. Taket bør ha same enkle preget som det har i dag. Det kan settast opp vindskier på kvar side av taket. Never bør nyttast på alle endane av taket der takpapp er synleg.

Forvaltar vurderer planlagt arbeidsmetode og gjennomføring av restaureringsarbeidet til å vera ein miljøforsvarleg metode til dette føremålet jf. nml. § 12, med dei vilkåra som er sett.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12, meiner forvaltar tiltaket ikkje vil påverka verneverdiane nemneverdig, og at tiltaket ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c), tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å restaurere stølshuset på Vassete, med dei vilkår som er gitt. Det vert tilrådd å gje løyve til å henta torv til torvtaket med heimel i naturmangfaldlova § 48.



Arkivsaksnr: 2023/1434-0
Sakshandsamar: Ivar Optun Andersen
Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	8/23	27.02.2023

Nærøyfjorden landskapsvernområde - rasteplassar langs Aurlands- og Nærøyfjorden

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyret vedtek med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ, oppføring av informasjonsskilt og bål plassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

- Skilta og bål plassane vert plassert på: Skalmenes, Klungrenes, Odnnes, Stolen, Holmo, Holmaviki, Bleiklindi, Salthella, Stokko, Fronnes.
- Skilta skal ha ein storleik på 297x420 mm. Skilta kan ha ein høgd på maks 150 cm.
- Skilta skal ikkje koma i konflikt med kulturminne i området.
- Det må gjerast avtale om oppsett av tavler og rasteplassar med grunneigar/rettshavar på dei aktuelle stadane.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka:

Enkelte plassar langs Aurlands- og Nærøyfjorden i Nærøyfjorden landskapsvernområde, er det utfordringar med bruken av innmarka (rasteplassane). Derfor er det eit ønskje frå grunneigarane at forvaltninga skal leggja betre til rette for bruken av desse områda.

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2022
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplanen for Nærøyfjorden landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Besøksstrategi for Nærøyfjorden landskapsvernområde, rapport nr. 1-2020

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift for Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009



- Forvaltningsplan for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Besøksstrategi for Nærøyfjorden, rapport nr. 1 – 2020

Lovgrunnlaget

Føremålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: *«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter». «Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter» jf. § 3 punkt 1.1. Det er ikkje spesifiserte reglar i verneforskrifta om oppsett av informasjonstavler. Det må difor vurderast om saka kan behandlast etter den generelle dispensasjonsregelen i naturmangfaldslova § 48: «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».*

Etter naturmangfaldlova (nml.) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka

Vurdering

Turisttrafikken med kajakk langs Aurlands- og Nærøyfjorden er aukande, noko som har ført til at fleire nyttar rasteplassane langs fjorden. Forvaltningsstyresmakta ønskjer å leggja betre til rette for bruken av rasteplassane langs Aurlands- og Nærøyfjorden.

Verneområdeforvaltninga skal leggja til rette for besøkjande, derfor har verneområdeforvaltninga starta arbeidet med å utforma nye informasjonsskilt, bålplassar og benker. Det vert sett som mål at skilta skal vera tydelegere og tilpassast den enkelte rasteplassen betre enn sånn det er nå. Det er ikkje opning i verneforskrifta for oppsetting av informasjonstavler, bålplassar eller benker inne i verneområdet. I forvaltningsplanen og besøksstrategien er det likevel vurdert at det er trong for ilandstigningsplassar og informasjonsskilt.

Design av informasjonsskilta vert gjort i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark. SNO vert ansvarleg for å sette opp skilta og etablera bålplassar med benker.

Kunnskapen om området jf. nml. § 8 er henta frå Naturbase (20.02.2023) og sårbarheitsanalyse for ilandstigningsplassane i Nærøyfjorden (NINA-rapport 2018). Det er ikkje kjente sårbare naturtyper eller artar som vil verta påverka av tiltaka. Kunnskapen vert vurdert som god for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje vektlagt i saka.


Ein auke i informasjonsskilt og tilrettelegging inne i verneområde kan gje ei dårlegare oppleving av natur- og kulturlandskapet. På den andre sida kan informasjon om kulturminne og enkel tilrettelegging gje ei auka forståinga og oppleving for dei besøkjande. Difor meiner forvaltar at informasjonsskilt og enkel tilrettelegging av rasteplassar langs Nærøyfjorden er



naudsynt og ikkje vil føra til ei auka belastning på naturverdiane jf. nml. § 10. Med ei god plassering i landskapet, vil ikkje tiltaka påverka landskapet nemneverdig.

Informasjonsskilta vert utforma etter Designmanualen for Norges nasjonalparker, med ein storleik på 297x420 mm. Bålplassane vert utforma med lokal stein, benkane med malmfuru og informasjonsskilta vert produsert i aluminium med trykk på framsida. Informasjonstiltaket er enkelt og reversibelt ved at skilta er små og oppsetinga ikkje krev entreprenør. Skilta vil ikkje setja spor i landskapet om ein seinare vurderer at dei ikkje hadde ønska effekt. Forvaltar vurderer tiltaket som den beste miljømessige løysinga jf. nml. § 12. Naturmangfaldlova § 11 vert ikkje vurdert som relevant for saka.

På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 meiner forvaltar at oppsetting av informasjonsskilt og etablering av rasteplassar langs Aurlands- og Nærøyfjorden ikkje vil vera i strid med verneføremålet. Informasjonsskilta, bålplassar og benker er ein del av tilrettelegginga som har våre ønskt lenge for å betra samhandlinga mellom turistar, landbruksaktivitet og kulturminne. Forvaltar vurderer tiltaka til ikkje å vera i strid med verneføremålet og innstiller med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til etablering av ilandsstigningsplassar med informasjonsskilt, bålplassar og benker.



Figur 1. Grøn pil markera rasteplassane langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden



Arkivsaksnr: 2022/16081-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 20.02.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	9/23	27.02.2023

Nærøyfjorden verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2023

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2023 etter fylgjande tiltaksplan:

TILTAKSPLAN FOR NÆRØYFJORDEN 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap		
Styvi-Holmo	290 000	290 000
Stigen	100 000	100 000
Stalheimskleiva, utviklingsprosjekt	50 000	19 400
Øvste Stigen	8 600	8 600
Stokko	50 000	50 000
Fronnes, slå bregner	7 000	7 000
Skogane	15 000	10 000
Hjølmo	5 000	-
Jeiskali og sti	20 000	10 000
Nedbergo	25 000	
Skjøtsel og tilrettelegging av stølsvegar og stiar		
Sti Dyrdal - Salthella - Skogane	6 000	-
Rimstigen	30 000	30 000
Mur på sti til Stigen	50 000	40 000



Nærøfjorden verneområdestyre

Slått og skogrydding postvegen Bleiklindi-Styvi	30 000	30 000
Gamlevegen i Dyrdal	5 000	5 000
Grøfter gamle Bakkaveg	15 000	10 000
Stiar Fresvik	10 000	10 000
Mur sti til Frondalen	30 000	-
Geologisk undersøking og planlegge tilrettelegging av sti til Odneshossen	10 000	-
Restaurering av postvegen	900 000	900 000
Gamlevegen i Undredal	100 000	100 000
Tilrettelegging og informasjonstiltak		
Bålplassar ved fjorden, skiltplater	30 000	30 000
Utedoprojekt	50 000	50 000
Vedlikehald og drift av toalett ved fjorden, og vedlikehald stiar	60 000	-
Sum	1 896 600	1 700 000

Forvaltarane kan i samråd med styreleiar omprioriterer tiltaksmidlar mellom tiltaka innanfor budsjettamma.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Midlar til forvaltning av verneområde 2023. *Miljødirektoratet, Elektronisk søknadssenter.*
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden. Rapport nr. 1-2008

Nærøfjorden verneområdestyre behandla tiltaksplan for 2023 i sak 34/22, 06.12.2022. Det vart på bakgrunn av dette sendt søknad til Miljødirektoratet om **kr. 1 896 600** i tiltaksmidlar. Miljødirektoratet har handsama søknaden og tildelt **kr. 1 700 000** i tiltaksmidlar for 2023. Styret må godkjenne eit revidert budsjett som er redusert med **kr. 196 600**.

Miljødirektoratet har tildelt kr. 350 000 til kunnskapsinnhenting og arbeid med forvaltningsplan, og kr. 215 000 til drift av verneområdestyret.

I Miljødirektoratet sin strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde, oppfordrar dei til å prioritere tiltak som direkte motverkar negative påverknadsfaktorar i verneområdet. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak.



Vurdering

Verneområdeforvaltar foreslår at skjøtseltiltak der ein tidlegare år har hatt avtale med grunneigarar eller grendalag om gjennomføring, som hovudregel blir vidareført på same nivå som føregåande år. Kutt blir i hovudsak foreslått for nye tiltak og tiltak der det er planlagt brukt innleigd arbeidskraft. Forvaltar foreslår å kutte på følgjande postar:

- Redusere midlane til utviklingsprosjekt i Stalheimskleiva. Det er brukt midlar til oppstart av prosjektet i 2022. Bruka midlane til rydding av oppvekst av lauvtre i Stalheimskleiva.
- Kutte midlar til slått av stølsvollen på Hjølmo. Det er sauer på beite i området, og slåttan kan utsetjast til 2024. Området er ikkje registrert som sårbar naturtype.
- Redusera midlane til slått på Skogane og i Jeskali i år. Desse områda har vore slått i fleire år, og det er ynskjeleg med framleis slått. Eit år der berre deler av området vert slått, vil ikkje forringe området vesentleg.
- Slått av slåttemarka på Nedbergo vert finansiert av midlar avsett i Nærøyfjorden Verdsarvpark.
- Kutte midlane til stien Dyrdal – Salthella – Skogane – Dyrdal. Nærøyfjorden Verdsarvpark har sett denne stien opp som prosjekt saman med elevar frå Voss vidaregåande skule.
- Redusere på midlane til mur på stien til Stigen. Deler av arbeidet kan utsetjast til neste år.
- Redusere midlane til grøfing langs Gamle Bakkaveg.
- Kutte midlane til sti til Frondalen. Det er ikkje sett opp plan med kostnadsoversikt for denne stien.
- Kutte geologiske undersøkingar for tilrettelegging til Odneshossen. Utsette dette til arbeid med postvegen er avslutta.
- Kutte midlane til vedlikehald og drift av toalett ved fjorden, og vedlikehald av stiar. Fullføre prosjektet med utprøving av nye utedomodellar. Dette kan verta modell for dei andre utedoane i området.

Det vil bli inngått avtale med grunneigarar om skjøtsel i landskapsvernområdet i tråd med vedtatt budsjett og godkjente skjøtelsplanar. Forvaltar gjer avtale med grunneigarar om kva arbeid som skal utførast, og SNO fylgjer opp skjøtelsarbeidet i felt. I tillegg vil det bli lyst ut skjøtelsarbeid som grunneigarar og SNO ikkje har kapasitet til å gjere.

På bakgrunn av erfaring med tiltak tidlegare år, kan det bli endringar på kva tiltak som blir gjennomført og kostnadane med tiltaka. Forvaltar vil ved behov gjennom året oppdatere styret om status, men rår til at forvaltar i samråd med styreleiar kan fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak og innanfor budsjetttramma.